

# (5) KVA SKAL VI MED OSLO?

Tekst og tone: **FREDDIE LANGRIND**

Eg fekk i handa ein gamal avisartikkel «**Har me bruk for Oslo?**», skriven av Vidar Lehmann, pensjonert overlege og professor i indremedisin ved Haukeland sjukehus, dertil FN-lege i Gaza, Libanon, Kuwait og Irak, og ein reflektert samfunnsdebatant

Columbus er nemnt; det er ei gåte kor slekta hans kom frå. Skipreiar Knut Utstein Kloster har finansiert ei utgreiing i bokform der det peikast på at slekta kom frå Hyen i Nordfjord, og hyarane har bygd «Columbus-parken» i strandkanten nedanfor kyrkja si.

Taktfast og stigande heftig: Am .....

Kva skal me med Os - lo her u - te i vest?

— Det er ik - kje aust - på at Nor - eg er best? —

— De`r her vi har fos - sar og fjord - ar og fjell, —

— og stor - hav - et brus - ar frå mor - gon til kveld. —

— Kva skal vi med bab - bel og ur - ban - e - ri, —

— eit kvel - an - de møn - ster av by - rå - kra - ti? —

— Kva skal vi med Os - lo? Vi veit kva vi har? —

— Kva skal vi med Os - lo? Kan no - kon gje svar? —



Kva skal vi med Oslo her ute i vest?  
 Det er ikkje austpå at Noreg er best!  
 D'er her vi har fossar og fjordar og fjell,  
 og storhavet brusar frå morgon til kveld.  
 Kva skal vi med babbel og urbaneri,  
 eit kvelande mønster av byråkrati?  
 Kva skal vi med Oslo?  
 Vi veit kva vi har!  
 Kva skal vi med Oslo? ...  
 Kan nokon gje svar?

Det seiest i saga at mektige menn  
 tok ferdar på havet, igjen og igjen;  
 ein gong for å leite, ein gong for å slåss,  
 dei seier Columbus var fjording som oss!  
 Ein fjord er å fare i tro og i trekk,  
 og ingen i tåka skal valte oss vekk!  
 Kva skal vi med Oslo?  
 Vi veit kven vi er!  
 Kva skal vi med Oslo ...  
 forstyrrande nær?

Her ute er fisken, og olje og gass,  
 og somme har rekna at alt er på plass.  
 Og somme har funne at lukka er nær,  
 men også lagt plan om kor sjuke vi er.  
 Der ute i fjorden ligg berget det blå  
 som våre turistar så gjerne vil sjå!  
 Kva skal vi med Oslo  
 her ute i vest?  
 Det er ikkje austpå ...  
 at Noreg er best!

No anar vi alle kor gullskatten finst.  
 No dreg vi til Oslo, forlanger vår vinst!  
 No veit vi å flytte på tal og papir,  
 og det er i sanning ei glede som svir...  
 Kva skal vi med Oslo her ute i vest?  
 Det er ikkje austpå at Noreg er best!  
 Vi sløkkjer ei lyset,  
 det skin når vi går,  
 for vi er i Oslo ...  
 og **straumen er vår!**